



MF "VÅGSØY"
og
MF "DAVIK"

Bygg Nr. 62 og 66 - Fiskerstrand Verft AS

Bygg Nr. 4 og 5 - Fiskerstrand BRLT AS

Skipsdåp 13.06.2009

BYGG NR. 62-4 MF "VÅGSØY" OG BYGG NR. 66-5 MF "DAVIK" LEVERT FRA FISKERSTRAND VERFT AS / FISKERSTRAND BRLT AS TIL FJORD1 FYLKESBAATANE AS

MF "Vågsøy skal gå i sambandet Måløy – Husevåg - Oldeide og M/F "Davik" skal gå i sambandet Stårheim – Isane. Ferjene vert døypte på Fiskerstrand Verft lørdag 13. juni 2009.

Kontrakten, som vart inngått 12. november 2007, dekkjer ansvaret for design, prosjektering og bygging av to pendelferjer kvar for 42 personbilar, alternativt 4 vogntog i kombinasjon med personbilar. Passasjerkapasiteten er på 150 personar med 66 sitjeplassar i salongen. Ferjene er designet av Multi Maritime AS i Førde og dette blir 2 av i alt 3 ferjer som verftet skal levere til reiarlaget fram til februar 2010.

HOVEDDIMENSJONER:

Lengde over alt:	54,60 m
Lengde bildekk:	53,40 m
Største bredde:	14,04 m
Dybde i riss til bildekk	4,80 m
Maksimal dypgang:	ca. 3,15 m
Fremdriftmaskineri:	2 x SCANIA DI 16 43 M 440 kw
Fremdriftseffekt:	2 x 400 kw
Personbilar:	42
Vogntog:	4
Passasjerer:	150
Servicefart:	11 Knop

Ferjen er bygget iht. Det norske Veritas klasse DNV + 1A1,R4, Car ferry B, EO, DNS Fartsområde 2.

LEVERANDØRER:

Skroget er bygget ved Western Shipbuilding Yard i Klaipeda, Litauen.

Av de største leverandører kan nevnes:

•Maritime Montering AS	isolering og innredningsarbeid
• Acel AS	levert og montert de elektriske installasjonene
• Nogva Motorfabrikk AS	levert hoved/hjelpemotorer type Scania/John Deer
• Frydenbø Power AS	levert thrustere type Schottel STP 330
• Aeron Miljøteknikk AS	levert ventilasjonsanlegget
• KAMO AS	montert ventilasjonsanlegg
• Sigurd Solberg A/S	levert og montert elektronisk utstyr
• Nortronik AS	levert brann inergen anlegg
• Brude Safety AS	levert MOB båt/davit.løst brannsl. og redn.utstyr,
• Undertun Industrier AS	evakueringssystem og flåter
• Odim Brattvaag Winch AS	levert ankervinsj
•Allweiler AS	levert pumper
• Jets Vacuum AS	levert sanitæranlegg
• PG Hydraulics AS	lever hydraulikkanlegg
• West Mekan	levert stoler
• AMC AS	levert skyvedører
• Pyro AS	levert kjel
• O.S Solhaug AS	levert vindusviskere
• Libra AS	levert dører av stål og GRP
• C.C. Jensen AS	levert vinduer



Reiarlaget:

Fjord1 Fylkesbaatane AS er eit selskap i konsernet Fjord1, med hovudkontor i Florø. Fjord1 Fylkesbaatane AS er eit tradisjonsrikt selskap som framstår i dag som eit moderne transportselskap med ca. 800 tilsette som opererer med 38 egne farty. I tillegg kjem ei rekkje leigefarty og farty som dei opererer i samband med charteroppdrag. Selskapet sine hovudaktivitetsområder er drift av ferjer, ekspressbåtar og lokalbåtar, farty i turisttrafikk, charter, fryseskip i utanriksfart og drift av bomstasjonar. Fjord1 Fylkesbaatane AS markerte i 2008 sitt 150 års jubileum.



Verftet:

Fiskerstrand Verft AS ligg i Sula kommune ca. 20 km frå Ålesund sentrum. Verftet vart etablert i 1909, har dreve samanhengande sidan starten og verftet feirer dermed 100 års jubileum i 2009. Verksemda dekkjer dokking, vedlikehald, reparasjon, ombygging og nybygging av skip. Nybygginga baserast på utrustning av innkjøpte skrog, og rettast primært inn mot bil- og passasjertransport. Verftsområdet dekkjer totalt 50.000 m², og 30.000 m² er utbygd med hallar, bygningar og areal med fast dekke. Verftet har vel 100 tilsette. I tillegg tilfører dei distriktet mange årsverk gjennom bruk av faste underleverandørar innan elektro, innreiing/maling og innleigd arbeidskraft for å dekkje generelt auka aktivitet. Totalt kan det då arbeide mellom 200 og 300 personar på verftet dagleg.

Verftet skal levere ytterlegare 6 ferjer og 1 linebåt innan våren 2011, bl.a 1 stk. 96 PBE pendelferje til Fjord1 Fylkesbaatane AS.

Fiskerstrand Verft AS og Western Shipyard i Klaipeda, Litauen har etablert et 50/50 norskregistrert joint venture selskap, Fiskerstrand BRLT AS, der dei to eigarane har lagt sine felles skipsbyggingsaktivitetar. Fiskerstrand BRLT AS skal vere ein sterk aktør innan nybygging av skip i Europa og den leiande innan nybygging av små og mellomstore bil-/passasjerfartøy.

Kontaktpersonar for evt. ytterligere informasjon er:

Adm.dir. Stig Kristoffersen	90 66 62 50
Adm.dir. Rolf Fiskerstrand	90 83 44 66

Fiskerstrand / Florø 12. juni 2009

Fjord1 Fylkesbaatane AS
Adm.dir. Stig Kristoffersen
(Sign)

Fiskerstrand Verft AS
Adm.dir. Rolf Fiskerstrand
(Sign)



Fjord1



100
ÅR
FISKERSTRAND
- siden 1909

Fiskerstrand Verft AS, Risevegen 23, N-6035 FISKARSTRAND, Tlf. +47 70 19 93 00 , Fax. + 47 70 19 93 01
E-mail: firmapost@fiskerstrand.no - www.fiskerstrand.no